

Avtalevilkår 100% Fornybar Energi frå Strøyma

Om produktet

100% Fornybar Energi er eit tilleggsprodukt kunden kan kjøpe for å sikra seg at same mengda straum ein forbrukar, blir produsert fornybart. Dette blir dokumentert gjennom opprinnelsesgarantiar. For å kjøpe dette tilleggsproduktet må ein vere straumkunde hos Strøyma.

Angrerett

Kunden har 14 dagars angrerett etter dato for avtaleinngåinga. Lenke til angrerettsskjema vert sendt saman med stadfesting av ordra.

Oppseiing

Avtalen gjeld inntil ein av partane seier den opp. Avtalen har inga bindingstid og kan seiast opp etter § 5-3 i NVE sine retningslinjer.

Fakturering

Strøyma AS avrekner sine kundar kvar månad etter faktisk forbruk, og 100% Fornybar Energi blir avrekna med ein pris pr. kWh i tillegg til ordinær straumkostnad. Tilleggsproduktet vil visa på ei eiga linje på fakturaen.

Prisendring

Prisendringar vert varsla 30 dagar på førehand på epost, sms eller brev.

Sjå elles standardvilkår og vilkår for ordinære straumprodukt på Strøyma si heimeside.

Sist oppdatert: 30.03.23